

Rettleiing ved namne-/adresseendring

Skjemaet gjeld

Skjemaet gjeld melding om namne- og/eller adresseendring som skal noterast i registeret til Patentstyret. Ei melding om namne- og/eller adresseendring kan gjelde søkjar/ innehavar, oppfinnar, designar, lisenshavar eller fullmektig. Vi noterer endringa dersom skjemaet er korrekt utfylt, i motsett fall vil vi avvise endringa, og skjemaet må leverast på nytt. Vi godtek ein kopi av skjemaet dersom opplysningane på kopien er tydelege.

Dersom rettar skal overførast til ein ny søkjar/innehavar, skal det brukast eit eige skjema for [overføring](#).

Det er ikkje nødvendig å sende inn dokumentasjon for endringa med mindre vi ber om det.

Fagområde

Kryss av for om rettane som er førte opp, høyrer til patent-, varemerke- eller designområdet. Du kan ikkje føre opp rettar for meir enn eitt område per skjema.

Endringa gjeld

Før opp om meldinga gjeld namne- og/eller adresseendring.

Nummer på rettar

Du må spesifisere alle rettane endringa skal omfatte. Før opp søknadsnummer, registreringsnummer eller patentnummer. For varemerke fører du vidare opp varemerket ditt, eller merkekategori dersom det ikkje er tekst i merket. For design fører du opp produktopplysninga, og for patent nemninga. Gjeld endringa fleire enn 3 rettar, fører du opp desse på side 2.

Tidlegare namn og adresse

Tidlegare namn og adresse som skal endrast, må vere med i skjemaet. Organisasjonsnummer og kundenummer kan førast opp.

Noverande namn og fullstendig adresse

Du må føre opp det nye namnet og fullstendig adresse. Vi nyttar WIPOs standard når vi fører inn namn og adresser i Patentstyrets register. Organisasjons-nummer og kundenummeret kan førast opp.

Fullmektigendring

Kryss av dersom du skal endre fullmektig. Du må leggje ved fullmakt viss fullmektigen ikkje er advokat/ advokatfullmektig.

Begrense fullmektig

Kryss av om fullmektig med begrensa fullmektigverv melder endringa. Begrensa fullmakt enn kopi av oppdraget må vedleggast. Fullmektigen i saka vil ikkje bli endra av Patentstyret.

Sendar og underskrift

Sendaren må føre opp namn/føretaksnamn med blokkbokstavar. Har sendaren ein referanse, ber vi om at den blir ført opp. Søkjar/innehavar eller annan oppdragsgjevar må underteikne skjemaet.

Forretningsløyndomar

Du kan be om at forretningsløyndomar ikkje vert offentleggjorde. Ei slik oppmoding må vere skriftleg. I tillegg må du tydeleg markere kva for opplysingar i dokumentet som du ikkje vil at vi skal offentleggjere. Vi vil deretter vurdere om vi kan unnlate å offentleggjere opplysningane.

Personopplysningar

Styrelova og patent-/design-/varemerkelova krev at ein sender inn visse personopplysningar. Patentstyret behandlar desse opplysningane med elektroniske hjelpemiddel i samband med registrering og journalføring i dei registra vi administrerer. Eit av formåla med registreringa og journalføringa av personopplysningar er at innehavarane skal kunne bevise overfor tredjemenn at dei er innehavar av retten. Opplysningane er offentlege og vil bli utleverte blant anna i samband med førespurnader om utskrift frå registeret. Opplysningane vil også bli gjorde tilgjengelege for andre, for eksempel ved online oppkopling mot basen. Når det blir kravd, vil Patentstyret rette feil og gi innsyn i alle personopplysningar som er førte inn om einskildpersonar.